

Aukra kommune- tilbakeføring av Rothaugen deponi- gbnr 8/59, 7/1 og 7/4- Ingridsteinen ID 92142 – løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter kml §8, første ledd.

Konflikt med gravfelt Ingridsteinen ID 92142.

Vi viser til søknad frå Aukra kommune, datert 01.12.2021, om å gjennomføre graving i sikringssone til gravfeltet Ingridsteinen ID 92142 og fjerning av gjerde i samband med lukking av Rothaugen avfallsdeponi, Løvik nedre/øvre gbnr 8/59, 7/1 og 7/4, Aukra kommune, Møre og Romsdal.

Lovheimel og mynde

I samsvar med kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode med mindre det ligg føre løyve etter kulturminnelova § 8.

Etter forskrift om fastsetting av myndigheit mv. etter kulturminnelova §§ 3 (2) og 4 har fylkeskommunen/Sametinget mynde til å gi slikt løyve basert på tilrådingar frå NTNU Vitskapsmuseet. Riksantikvaren har etter forskrifta § 2 (1) mynde til å fastsetje omfanget og kostnader i eige vedtak, basert på vedtaket og vilkåra fylkeskommunen/Sametinget har gitt.

Vedtak

Med heimel i kulturminnelova § 8 første ledd gjer Møre og Romsdal fylkeskommune dette vedtaket:

I samband med lukking av Rothaugen avfallsdeponi gir Møre og Romsdal fylkeskommune med dette løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, ID 92142, gbnr 8/59, 7/1 og 7/4 i Aukra kommune, jf. avmerking på vedlagde kart datert 17.03.2022. Løyvet gjeld i sikringssona til lokaliteten, med unntak av nødvendig inngrep i samband med fjerning av gjerde i gravfeltet. Tiltaket må utformast på ein slik måte at ikkje grunnforholda/dreneringsforholda inne i lokaliteten vert vesentleg endra. Dette er spesielt med tanke på at ei uttørking av røysene vil kunne medføre ei forverring av bevaringsforholda for organisk materiale.

Løyvet gjeld berre tiltaket det er søkt om, og fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i verk innan 3 år frå dette brevet er motteke.

Vilkår

Løyvet blir gitt på desse vilkåra:

- Det skal setjast opp sikring i form av anleggsgjerde rundt gravrøys ID 92142-19 og 92142-38 i anleggsfasa. Dette må gjerast i samråd med fylkeskommunen. Ein må halde så god avstand som mogleg til gravrøysene ved graving av sigevassgrøft , dette blir avklart på staden i samband med oppsetjing av gjerde.
- Ved graving av sigevassgrøfta i sikringssona til ID 92142 må arbeidet overvakast av ein arkeolog frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Vi ber om at de gir beskjed i god tid før tiltaket skal starte opp.
- For å få best mogleg kunnskap knytt til kva skade betongfundamentringa har påført undergrunnen ønskjer vi å vere tilstade når ein fjernar gjerde/betongfundament i eit område som ikkje berører gravrøysar. Dette må skje før ein fjernar gjerde ved gravrøysene. Dette vil gi nyttig kunnskap for å sjå omfanget av betongfundamentring i området og kva løysning ein skal velje i det vidare arbeidet.
- Før fjerning av gjerde i området som berører gravrøysene 105, 29 og 20 ønskjer vi å gjennomføre ei felles synfaring med kommunen og NTNU Vitskapsmuseet for å kartleggje kva skadar betongfundamenta har påført gravrøysene, og korleis desse eventuelt kan fjernast.
- Gjerdet i området som berører gravrøysene 105,29 og 20 må fjernast i samråd med Møre og Romsdal fylkeskommune og overvakast av arkeolog som utarbeider ein tilstandsrapport som vil vere grunnlaget for villkår knytt til rettevedtak.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vil ettersende rettevedtak med vilkår etter at synfaring er gjennomført og før fjerning av gjerde.
- For å unngå meir skade på gravrøysar som ligger utsatt til nærme stien må transport med tunge køyretøy begrenast, og det må vere tørt eller frost når det skal ferdast med slike køyretøy.

Skildring av kulturminnet

Gravfeltet ved Ingridsteinen ligg på den nordvestlegaste halvøya på Gossen. Nord for den no nedlagte flyplassen som vart lagt av tyskarane og aust for vegen til Rishaug ligg ein grusrygg, orientert nesten nord-sør. Gravfeltet ligg på denne grusryggen. Mot søraust ligg ei stor steinblokk kalla Ingridsteinen. Gravfeltet, som omfattar minst 50 røysar, ligg på toppflata av ryggen og smalnar av mot sør. I vestleg del går det ein traktorveg som var anlagt av tyskarane. Frå feltet er det god utsikt over øya mot aust, sør og vest, medan utsynet mot havet i nordvest er hindra av høgare knausar. Plasseringa i terrenget skil seg difor frå dei typiske kystrøysene, som det elles fint ei rekke av på Gossen. Storleiken til røysene er omtrentlege då dei fleste røysene allereie i 1976 var sterkt overgrodd då måla vart teke.

Gjerdet rundt Rothaugen er satt opp heilt inntil stien/vegen som går til krigsminna i nord. Fleire av gravrøysene er såleis inngjerda, og er utilgjengeleg for allmennheita. Dette gjeld røysene 32,33,34,105, 30 (31 er utgravd), 29, 27 og 20. Gjerdet går også i enkelte tilfelle over nokre av gravrøysene.

Knytt til at det vart funne søppel i prøvesjakter heilt inntil sikringssona, og det var nødvendig med ei utviding av planområdet mot nordaust vart det hausten 2021 gjennomført ei arkeologisk registrering. Målet var å kartlegge om det kunne liggje fleire ukjende gravrøysar langs den austlege avgrensinga til deponiet. Det vart totalt påvist to synlege automatisk freda kulturminne. Ei gravrøys (ID 92142-38) som blei påvist i 1976, men som ikkje var gjenfunne ved undersøkingar i 2016, og ei røys som ligg like utanfor planområdet (ID 02142-39). ID 92142-38 er så og seie vekke på grunn av etablering av grustak i området. Ein kan i dag skimte nokre stein i skråninga ned mot det tidlegare grustaket, men det ser ut til at røysa blei delt i to (om ikkje meir) under dette arbeidet. Det vart teke nokre prøvestikk for å finne resterande del av røysa vest for stien. Prøvestikkinga i samråd med jordbør resulterte i ei avgrensing som ser ut til å stemme med den tidlegare kartlegginga (1976). Sjølv om halve røysa er rasert viser den tidlegare kartlegginga den originale storleiken, og innmålinga frå 1976 blei difor beholdt. Det kan også bekreftast at røys 105, 29 og 20 er skada av gjerdet som har djupe betongfester i røysene. 105 er også svært skada av vegen, og ein kan sjå hjulspor og knust stein i røysa.

Skildring av tiltaket det er søkt om

Det har sidan 1970 talet blitt deponert avfall ved Rothaugen i Aukra kommune. Deponiet har gradvis blitt utvida etter kvart som det har blitt tatt ut sand og grusmassar frå

området. Det vart i 1976 gjennomført ei omfattande registrering av kulturminne ved Ingridsteinen ID92142. Delar av området vart frigitt til vidare utviding av uttak av grus og sand, resterande areal vart freda etter kulturminnelova.

Tiltaket skal i hovudsak utførast på GBN 8/59, men det vil også bli gjort tiltak innanfor GBN 7/4 og 7/1. Tiltak på GBN 7/4 omfattar graving av sigevassgrøft og sigevassrør, fjerning av gjerde og port som avgrensar deponiet slik det ligg i dag. Tiltak på GBN 7/1 omfattar i hovudsak fjerning av gjerde. Avslutningstiltaka som skal gjennomførast ved Rothaugen er basert på avslutningsplana frå Cowi datert 26.02.2019..

Kravet til avslutning og etterdrift av Rothaugen avfallsdeponi sett vilkår om at sigevatn og overflatevatn frå deponiet skal samlast opp og reinskast. I høve dette er det krav om å gjere tiltak innanfor omsynssona til kulturminna. Det skal etablerast grøfter for å leie vekk sigevatn og overvatn. Det skal leggjast sigevassrør i alle grøfter og desse skal lukkast slik at synlege grøfter i terrenget vil berre vere synlege som grunne skålgrøfter. Desse vil tilpassast omliggande eksisterande terreng på ein naturleg og pen måte: Det skal nyttast stadeigne myrmassar som toppdekke. Området skal stå fram som naturleg og i eitt med annan vegetasjon i området, naturleg og jomfrueleg.

Gjerde som avgrensar deponi og områda kring skal fjernast, det same gjeld port i nordaust. Delar av gjerde er sett oppå gravrøyser. Dette gjeld i hovudsak gjerde mellom GBN 8/59 og 7/1. Gjerde er fundamentert med betongfundament som er om lag 80 cm på høgde og 30 cm diameter. Fjerning av betongfundament skal gjerast på ein skånsam måte etter instruks frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Eventuell utbetring av skader vil også bli utført etter instruks.

For å ivareta krav om avslutning og etterdrift er det naudsynt å gjere tiltak innanfor dei automatisk freda områda. Det er ikkje nokon alternativ måte å unngå inngripen innanfor omsynssona til kulturminna. Det er to alternativ til tiltak innanfor dei automatisk freda områda:

- Alternativ 1: Legge sigevassgrøfter rundt deponiet slik at sigevatnet frå heile deponiet blir fanga opp og reinska før det går i sjøen.
- Alternativ 2: Fjerne alt avfall innanfor omsynssona og køyre dette til forbrenning.

Alternativ 1 vurderast som det beste alternativet med tanke på omfang og med tanke på den «grønne rekneskapan», då det er mindre ressurskrevjande å ta hand om sigevatnet enn å grave opp og køyre vekk avfallet til forbrenning.

Aukra kommune har fått krav om å sette i verk tiltak for avslutning og etterdrift. Frist for gjennomføring av tiltaka er sett til å vere gjennomført innan 31.12.2022. Prosjektering av tiltaka og utarbeiding av mengdebeskriving er ferdige og Aukra kommune er klare for

utlysning av anbod i løpet av desember 2021. Tiltaka er planlagt med oppstart kring mars 2022.

På grunnlag av ovanstående vil Aukra kommune søke om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne av 9.juni 1978 nr.50, §§ 8 fyrste ledd. Søknaden omfattar omtalt inngrep i omsynssone til gravfelt, samt fjerning av gjerde i gravfeltet.

NTNU Vitskapsmuseet uttaler

NTNU Vitskapsmuseet har i epost 14.03.2022 uttalt seg til søknaden dykkar. NTNU Vitskapsmuseet tilrår at søknaden om dispensasjon knytt til inngrep i sikringssone til Ingridsteinen ID 92142 og fjerning av gjerde innvilgast med villkår om overvaking av sivevassgrøft utført av Møre og Romsdal fylkeskommune, og ei felles synfaring saman med fylkeskommunen og kommunen knytt til fjerning av gjerde som berører gravrøysar. Dei støtter også innspelet til fylkeskommunen om å setje opp gjerde til gravrøysene ID 92142-19 og 92142-38 og at ein held god avstand til gravrøysene i anleggsfasa. NTNU Vitskapsmuseet viser til at det det har vorte funne noko organisk materiale, totalt ca 600 gram brent bein i nokre av røysene (primært 75-76). Dei viser difor til at det er viktig at arbeidet og tiltaket ikkje medfører vesentleg endring av dreneringsforholda i gravfeltet. Sjølv om det generelt blei funne lite organisk materiale i utgravne røysar er det likevel funne noko. Ved dagens metodar kan ein også få meir ut av slike funn. Men på grunnlag av informasjon dei har fått knytt til avfallsdeponiet forstår dei det slik at det her ikkje blir snakk om store endringar i sjølve gravfeltet.

Når det gjelder gjerdet som er satt opp rundt deponiet høyrest det ut som at det er ganske store skadar på dei råka gravrøysene 105,20 og 20. NTNU Vitskapsmuseet følgjer fylkeskommunen sitt villkår om å fatte rettevedtak ved fjerning av gjerde i desse. Ved ganske store skader vil det lett bli nærliggjande å sikre kunnskapsverdiane i dei skada røysene. Her tenker museet difor at det eventuelt kan vere bra om dei får ei anmodning om å lage prosjektplan/budsjett på dette, ut frå kor store skadane er, og at nokon frå museet er involvert i slike undersøkingar. Om betongfestene sitter i sjølve røysene og desse allereie er ganske skadde er det nok ikkje så lett å kome unna at ein undersøker røysene der skada er størst. Samtidig ser museet argumentet til kommunen om at det skal la seg gjere å fjerne gjerdet skånsamt. Akkurat kva ein kan forvente av skade på røysene og kva rettevedtak som må til er vanskeleg å seie før ein har sett det. NTNU Vitskapsmuseet foreslår difor ei felles synfaring i saman med fylkeskommunen og kommunen for å ta ein kikk på tilstanden før fjerning av betongfundament i dei omtalte gravrøysene.

Grunngjeving for vedtaket

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir best mogleg tekne vare på og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan likevel gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei konkret vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private og samfunnsmessige omsyn.

Kulturminnelova §3 forbyr inngrep som vil skade ein lokalitet. I denne saka er det lagt til grunn at Aukra kommune skal avslutte deponiverksemda ved Rothaugen avfallsdeponi. Det har tidlegare vorte gjort inngrep innanfor ID 92142 Ingridsteinen. Det har i nordaustleg retning mellom gbnr 8/59, 7/1 og 7/4 blitt teke ut sand heilt inntil sikringssona til dei automatisk freda kulturminna. Det er nokon plassar omlag 2 meter frå kanten til det gamle sandtaket til kulturminne. Det vart i 2021 grove testsjakter som viser at det er deponert søppel i sikringssona til gravfeltet. For å ivareta krav om avslutning og etterdrift er det difor naudsynt å gjere tiltak innanfor omsynssona til gravfeltet. Tiltaka knytt til avslutning av avfallsdeponiet vil løfte opplevinga av området, og sørgje for å tilbakeføre naturlege vekstar i området, og fjerning av gjerde vil også føre til at alle gravrøysene til Ingridsteinen igjen blir tilgjengelege for alle.

Vi vurderer det difor slik at tiltaket vil medføre eit mindre visuelt inngrep i sikringssona, og fjerning av gjerde vil føre til at alle gravrøysene blir tilgjengelege for besøkjande. Tilbakeføring av landskap og naturlege vekstar vil også gi ein betre opplevingsverdi av kulturminna i området.

Etter ei samla vurdering har vi i denne saka gitt dispensasjon for tiltaka det er søkt om, i samsvar med vedtaka over. Vi seier oss einige i museet sine vurderingar, og vil setje vilkår om arkeologisk overvaking knytt til arbeid med sigevassgrøft og fjerning av gjerde. NTNU Vitskapsmuseet og Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer å gjennomføre ei felles synfaring saman med kommunen knytt til gjerde som er fundamentert i tre gravrøysar (105, 29 og 20). Vi vil også vurdere om det kan vere mest hensiktsmessig å la heile eller delar av fundamenta bli ståande nede i gravrøysene. Basert på synfaring og overvaking ved fjerning av gjerde vil det bli ettersendt vilkår om rettevedtak i dei omtalte gravrøysene.

Dersom det under gjennomføringa av tiltaket blir oppdaga eller kjem fram andre automatisk freda kulturminne enn dei løyvet gjeld for, skal arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan ha innverknad på desse. Møre og Romsdal fylkeskommune skal varslast, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd, og vi avgjer snarast råd og seinast innan 3 veker om arbeidet kan halde fram, og eventuelt på kva vilkår.

Forholdet til anna lovverk

Dersom tiltaket krev løyve etter anna lovverk, må søkjaren sørgje for dette før tiltaket kan gjennomførast.

Framdrift og gjennomføring

Tiltaket skal gjennomførast som vist på det vedlagde kartet. Mindre endringar eller avvik skal klarerast med oss. Større endringar, som har innverknad på kulturminne, krev ny søknad. Kulturminnestyresmakta avgjer om endringane er større eller mindre.

De skal

- Avtale tid for sikring av gjerde rundt gravrøysene ID 92142-10 og 38 og arkeologisk overvaking med Møre og Romsdal fylkeskommune, i god tid før tiltaket er planlagt sett i gang. Kontaktperson er susanne.iren.busengdal@mrfylke.no
- Ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune og NTNU Vitskapsmuseet i samband med synfaring knytt til fjerning av gjerde i gravrøysene 105, 29 og 20

Du kan klage på vedtaket

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 6 veker frå du har motteke dette brevet, jf. kulturminnelova § 8 første ledd tredje punktum. Klaga skal stilast til Riksantikvaren, som er klageinstans, men sendast til oss, gjerne på e-post til post@mrfylke.no.

Dersom vi ikkje gir deg medhald, sender vi klaga til Riksantikvaren, som avgjer saka med endeleg verknad.

Har du spørsmål?

Har du spørsmål, kan du kontakte rådgjevar Susanne Busengdal, tlf. 98 63 17 74,

susanne.iren.busengdal@mrfylke.no.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen

Kulturdirektør

Bjørn Ringstad

fylkeskonservator